



2002-årgangen i aksjon under SPAR Heio Cup sist haust. (Fotto: Ola Matti Mathisen)

Fotballgruppa i UIL inviterar til fotballpub i Dønhaugkjedlaren fredag 29 januar klokka 20.- Har du lyst og tid er du velkomen til ein fotballprat i godt lag, seier leiar Jostein Hauso til uskedalen.no

Fotballgruppa ynskjer konstruktive forslag om mange tema og Hauso reknar opp:

- * Ambisjonsnivå.
- * Trenarar og oppmenn, dei treng fleire.
- * Bruk og vedlikehald av grusbanen og grasbanen på Heio
- * Bruk og vedlikehald av bygningsmasse.
- * Dugnadsarbeid i høve til vedlikehald og arrangement.

- Det er sikkert også mange andre saker me og bør sjå på og som det er meiningar om. Har du gode idear og tankar som kan hjelpa oss i fotballgruppa vidare i arbeidet vårt, er Dønhaugkjedlaren staden å diskutera dette

fredag, seier Hauso.